

Besøksadresse:
Torggata 22 • 2317 Hamar

Postadresse:
Postboks 325 • 2303 Hamar

Bankgiro annonser:
1820 05 00519

Bankgiro abonnement:
1822 06 42530

Redaksjonen:
redaksjonen@hamar-dagblad.no
Tlf.: 62 54 31 40
Faks: 62 54 31 60

nettavisen@hamar-dagblad.no
MMS/SMS: HD til 2097

Ansvarlig redaktør:
Tore Svensrud
Tlf.: 986 85 904

Journalister:
Hilde Berit Evensen
Tlf.: 975 18 779

Jo E. Brenden
Tlf.: 908 82 098

Administrerende direktør:
Nils Kristian Myhre
Tlf.: 917 46 246

Annonser:
annonser@hamar-dagblad.no
Tlf.: 62 54 31 40 • 62 43 24 20
Faks: 62 54 31 60

Annonsepriser:
Vanlig annonsside pr. modul

Geir Aasen
Tlf.: 413 65 490

Opplag:
16.400

Utgivelse og trykk:
AS Østlendingen

Annonsekonsulenter:
Anne Huuse-Teamleder
Tlf.: 970 86 986

Hamar • Dagblad

TIPS OSS PÅ VÅRE NETTIDER

hamar-dagblad.no

NYHETER PÅ NETT



Flagstad- flaggskip

Kirsten Flagstad Festival har tilbaketrukk sine fem første år. Nå skal festivalen vokse videre med Bjørn Simensen som kunstnerisk leder. I tillegg får festivalen endelig en daglig leder i Jarle Flemvåg. Han skal også fungere som produsent. Vi gleder oss stort over at festivalen får knyttet til seg profesjonelle krefter som kan være med å videreutvikle festivalen. Det ventet store utfordringer de nærmeste årene. I 2012 skal 50-årsminnet for Kirsten Flagstads død markeres, og i 2013 feires 100-årsjubileet for hennes operadebut. Festivalens nye kunstneriske leder har de rette forutsetningene for å forberede disse viktige begivenhetene, men også for å styrke Kirsten Flagstad Festival som en betydelig regional-, nasjonal-, og internasjonal kulturbegivenhet.

Musikkens Venner og Hamar kommune har bestemt seg for tre grunnpillarer:

1. Konserter av høy kunstnerisk kvalitet,
2. presentasjon av våre fremste yngre sangere og 3. masterklasser for unge talenter.

Er det på tide å ta fram igjen ideen om "The Voice", en festival for den menneskelige stemme? Det kan også få andre sjangre med. Det vil være til gjensidig stimulering mellom utøvere og til stor glede for publikum i Innlandet. Kirsten Festival Festival bør ikke bare være begrenset til det klassiske. På denne måten kan publikum møtes på tvers av musikksmak og få ørene opp for andre sjangre. Kirsten Flagstad Festival bør ha som mål å gi oss en identitetsfølelse. Det bør bli en festival hele byen kan være stolt av.



Tore Svensrud
Ansvarlig redaktør

Den 26. september var Den europeiske språkdagen, som blei oppretta av Europarådet i 2001. Det europeiske språkåret.

Språkdagen blei markert fleire stader i Noreg også i år. Utdanningsdirektoratet og Nasjonalt senter for fremmedspråk i opplæringa (Fremmedspråksenteret) er pådriverar for den nasjonale markeringa, og skolan blei oppfordra til å markere Språkdagen med lokale tilstellingar og arrangement.

I ein europeisk kontekst er det naturleg at ein har fokus på fremmedspråk. Det å lære meir om språket og kulturen til landa i Europa, er eit viktig grep for å sikre toleranse og demokrati. I Noreg lærer elevane engelsk som fremmedspråk, og som regel skal ein også lære minst eitt fremmedspråk til.

I pressemeldinga frå Europarådet 2009 blir Gabriella Battaini-Dragoni, Europarådets koordinator for interkulturell dialog, sitert: Høvet til å snakke med andre menneske på deira eige språk bryt ned språklege og kulturelle barrierar. Gjennom språkopplæring aukar vi medvitnet om andre kulturar, og det kan og hjelpe oss å ta eit skritt tilbake og sjå vår eigen kultur i eit nytt lys.

Målet med markeringa av Språkdagen er bl.a.: å vise allmenta verdien av å lære språk og å bidra til fleirspråklegheit i samfunnet, å auke medvitnet om det språklege og kulturelle mangfaldet i Europa, å motivere europeiske innbyggjarar til å lære fleire språk, å informere om språklæring, å støtte opp om og oppmuntre til livslang læring av språk, å synleggjere moglegheitene som ligg i fleirspråklegheit, å bidra til mobilitet i Europa.

Nordmenn flest er svært språkkunnege. Dei fleste av oss snakkar rimeleg godt engelsk. Dette har bl.a. å gjere med den massive påverknaden gjennom engelskspråklege filmar og musikk. I tillegg kan mange også anten litt tysk, fransk eller spansk, eller eventuelte andre språk som ein har lært på skolen eller i andre samanhengar. Prinsipielt må ein kunne seie at nordmenn flest opp-

Den europeiske språkdagen

KOMMENTAR

JENS HAUGAN

Førsteamanuensis i norsk Høgskolen i Hedmark

fyller Europarådets ambisjon om at alle skal ha litt kunnskapar om minst to fremmede språk.

Tradisjonelt har nordmenn også vore flinke til å forstå svenskar og danskar, og desse såkalla nabospråka er også ein del av skolepensumet. På den måten kan ein seie at vi er flinke her oppe i nord til å oppfylle Europarådets visjon om fleirspråklegheit.

Når ein byrjar å sjå litt nærmare på dette idealistiske biletet, er situasjonen kanskje likevel ikkje så mykje å skryte av. Påverknaden gjennom angloamerikansk språk og kultur etter krigen har vore så stor at mange er redde for at norsk faktisk kan forsvinne som språk. Det finst til og med dei som meiner det hadde vore greitt om alle berre snakka engelsk. Unge i dag er dårlegare til å skjønne svensk og dansk, og sidan alle kan engelsk, er det lett å ty til engelsk som hjelpespråk. Når det er sagt, så er svenskane og danskane ofte enda dårlege til å skjønne oss enn omvendt. Dei nordiske landa har no sett i gang tiltak for å betre situasjonen, slik at nordmenn, svenskar og danskar lettare skal kunne bruke morsmålet sitt når dei kommuniserer.

Sjølv om mange nordmenn forstår svenskar og danskar dårlegare i dag enn før, har dei norske dialektane fått ein heilt annan status sidan 1970-talet. I dag kan ein stort sett bruke sin eigen dialekt i alle samanhengar, offentleg og privat. Men norske dialektar kan nokre gonger faktisk vere meir forskjellige innbyrdes enn norsk og dansk eller svensk. Likevel går det stort sett bra, og det har bl.a. med haldningar å gjere. Når ein veit at den andre faktisk snakkar ein norsk dialekt, trur ein jo gjerne at ein burde

skjønne kva den andre seier. Identifiserer ein språket til den andre som svensk eller dansk, tur ein kanskje at ein ikkje skjønner den andre fordi han snakkar eit fremmedspråk. Då prøver ein kanskje heller ikkje eingong å forstå. Det at ein ikkje forstår den andre, handlar nokre gonger ikkje om språklege og kulturelle barrierar, men om barrierar i hovudet til den enkelte.

Som Europarådets koordinator sa, Gjennom språkoppføring aukar vi medvitnet om andre kulturar, og det kan og hjelpe oss å ta eit skritt tilbake og sjå vår eigen kultur i eit nytt lys. I Noreg lærer ein ikkje berre engelsk og eit anna fremmedspråk, ein lærer også to norske skriftspråk på skolen, bokmål og nynorsk (nokon lærer også samisk). Mange elevar som har bokmål som hovudmål, påstår at dei ikkje skjønner nynorsk. Dei klassifiserer nynorsk nærmast som eit fremmedspråk. Det interessante er bl.a. at dei fleste lærer engelsk på skolen heilt ifrå første klasse, mens dei ikkje får lære nynorsk før sju-åtte år seinare. Og etter fem-seks år med nynorsk på skolen er det framleis svært mange som påstår at dei ikkje kan nynorsk.

Mange nynorskmotstandarar meiner nynorsk er vestnorsk, og har ingenting med austnorsk (bokmål) å gjere. Dei meiner det er greitt å lære engelsk, mens det er bortkastet å lære nynorsk. I den eine augneblinken er nynorsk uforståeleg, i den andre augneblinken er det så likt at ingen skjønner viten med å ha to skriftspråk. Begge argumenta kan gjerne brukast om kvarandre av dei same personane. Kampen mellom dei to målformene har føregått i rundt 150 år i Noreg, og den har til tider vore svært bitter.

Den europeiske språkdagen kan vere grunn til å reflektere over sitt eige språk og sin eigen kultur. Korleis skal ein kunne bevare fred i Europa og verda når ein ikkje klarer å ha språklege toleranse i sitt eige land eingong? Noreg er eit fleirspråkleg land på mange måtar og har vore det i lang tid. Kanskje det er på tide å akseptere og respektere det i staden for å kjempe imot det.